

Innovasjon Noreg Hovudkontoret  
Postboks 448 Sentrum

0104 OSLO

Dykker ref	Vår ref	Dato
	10/51-5 LSA	

### **Statsbudsjettet 2011 – Oppdragsbrev**

#### **1 Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2010-2011) for departementet, til Innst. 16 S (2010-2011) og til orienteringsbrevet datert 5. oktober 2010.

I dette oppdragsbrevet gir departementet rammene til Innovasjon Noreg over kap. 551, post 60 og 552, post 72. Brevet inneholder også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

*Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2011.*

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
551	60	Tilskot til regional utvikling	20 500
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	167 800

#### *Kap. 551, post 60*

Midlane på 20,5 mill. kr, som blir overførde fra kap. 551, post 60, skal gå til administrasjons- og gjennomføringskostnader av fylkeskommunalt finansierede tenester i Innovasjon Noreg (les meir under punkt 5 Administrative forhold). Departementet syner også til brev av 14.01.2011 kor ytterlegare inntil 24,5 mill. kr på årsbasis blir stilte til rådvelde for Innovasjon Noreg. Dette skal sikre tilstrekkeleg med midlar for å oppretthalde nivået i 2011 på handsaminga av tenester finansiert over kap. 551, post 60.

#### *Kap. 552, post 72*

Den samla løyvinga på kap. 552, post 72 er på 459,75 mill. kr. Av desse midlane blir 167,8 mill. kr overførte til Innovasjon Noreg. Løyvinga på kap. 552, post 72 inneholder også dei midlane som tidlegare blei løyvde over kap. 551, post 71 Nordområdetiltak. Vedlegg 1 inneholder ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts-

og regionalpolitikk.

## 2 Overordna utfordringar og prioriteringar

Innovasjon Noreg skal ta utgangspunkt i det som er barrierar og utfordringar for ein-skilde bedrifter og prosjekt og finansiere, tilføre kompetanse og byggje nettverk mellom dei ulike aktørane i innovasjonssystemet.

Hovudmål:

Innovasjon Noreg har til formål å fremme bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet og utløyse næringspotensial i dei ulike distrikta og regionane gjennom å medverke til innovasjon, internasjonalisering og profilering.

Delmåla for Innovasjon Noreg er:

1. Auka innovasjon i næringslivet i heile landet.
2. Auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet.
3. Styrkt profilering av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt.
4. Næringsutvikling basert på regionale vilkår.
5. Generelle gjennomgåande omsyn og føringar som knyter seg til hovudmålet.

Hovudmålet og delmåla gjeld for alle løyvingar til Innovasjon Noreg frå departementa og fylkeskommunane.

### 2.1 Sektorpolitiske mål og styringssignal

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkrat og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe eit spreidd busetnadsmønster som sikrar verdiskaping i heile landet og tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten i landet. Regjeringa vil styrkje lokal og regional vekstkrat i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketetalet. Regjeringa vil leggje til rette for å styrkje og utnytte verdiskapings- og kompetansemiljøa i heile landet for å fremme innovasjon og verdiskaping i byane og distrikta. Nettopp samspelet mellom by og land er viktig for norsk næringsutvikling.

Løyvinga skal nyttast til å fremme varig verdiskaping i område med særlege utfordringar. Departementet vil at midlane skal bidra til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter og næringsmiljø. Vidare er det ein ambisjon at innovasjons- og næringsmiljø skal stimulerast til vidare vekst gjennom sterkare samarbeid mellom bedrifter og/eller FoU-institusjonar.

Departementet legg vekt på at midlane til Innovasjon Noreg i all hovudsak skal brukast innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Bruk av midlar utanfor virkeområdet må ha ei særskild grunngjeving og sjåast i samanheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten ([www.regjeringen.no/krd/retningslinjer](http://www.regjeringen.no/krd/retningslinjer)).

## 2.2 Satsingsområde

*Kvinner som målgruppe:* Regjeringa la i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*. Målet er at det skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei nye entreprenørane innan 2013. Departementet ber Innovasjon Noreg arbeide for ei auke i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene.

Målet for departementet er at 40 prosent av dei næringsretta verkemidla under departementet skal nå fram til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane blir avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta støtte.

Departementet ber Innovasjon Noreg om å arbeide på ein høveleg måte for å auke prosentdelen av kvinner i styret og leiinga for bedrifter som får støtte. Departementet ber Innovasjon Noreg, i dialog med departementa, om å skaffe fram relevant statistikk for utviklinga i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene.

*Unge som målgruppe:* For å lette overgangen frå studium til bedriftsetablering og gjere Innovasjon Noreg meir synleg overfor unge etablerarar vil departementet medverke til å vidareutvikle satsinga på unge etablerarar i Innovasjon Noreg. Ein må sjå ei forsterka satsing på opplæring i entreprenørskap i utdanninga i samanheng med dei moglegheitene unge har til å etablere si eiga bedrift når utdanninga er fullført, og med korleis dei blir følgde opp i etableringsprosessen.

I 2011 skal mentortenesta til unge gründerar utvidast til heile det distriktpolitiske virkeområdet. Tilbodet er laga for unge gründerar som har starta bedrifter. Ordninga skal bidra til at unge gründerar lukkast med å etablere bedrifa i marknaden. Innovasjon Noreg skal òg styrke samarbeidet med universitet og høgskolar, med vekt på informasjon og rådgjeving til studentar.

*Innvandrarar som målgruppe:* Innvandrarar er ei prioritert målgruppe i distrikts- og regionalpolitikken. Departementet ber Innovasjon Noreg lage ein strategi for å styrke arbeidet med innvandrarar som målgruppe for drøfting på halvårsmøtet våren 2011. Departementet ønskjer dialog om mål, innretting, resultatkrav, rapportering o.a. for ein slik innsats.

### **2.3 Fylkeskommunale oppdrag**

Regjeringa vidarefører løyvinga av regionale utviklingsmidlar til fylkeskommunane, på same nivå som i 2010. Departementet legg ikkje lenger opp til å synleggjere løyvinga til Nyvekst i budsjettet på same måte som tidlegare. Nivået på tildelinga er avhengig av prioriteringane i fylkeskommunen. Departementet set ikkje av midlar frå den nasjonale ramma til inkubatorstipend og BIT (programmet er endra, og det nye namnet er *Innovasjon i tjenester*). Fylkeskommunane har høve til å finansiere ordningane over kap. 551, post 60 og 61 ut frå regionale behov.

Fylkeskommunane utformar oppdragsbrev for dei midlane som Innovasjon Noreg skal forvalte på vegner av fylkeskommunen. Innovasjon Noreg skal samarbeide aktivt med fylkeskommunane som regional utviklingsaktør og i partnarskapa på regionalt nivå. Innovasjon Noreg skal vere premissleverandør og medverke til å utvikle regionale program og tenester for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna i samband med omstillingsprosessar i fylka.

Departementet har lagt til grunn ei auke til kommunale/regionale næringsfond på 50 mill. kr til totalt 225 mill. kr.

I lys av den interne omstillinga i Innovasjon Noreg i 2011 har departementet bede fylkeskommunane om å utarbeide oppdragsbrev til Innovasjon Noreg så tidleg som råd, og før 1. kvartal er omme. Desse breva skal innehalde alle styringssignalane frå fylkeskommunane.

### **3 Nærare om målstrukturen og dei einskilde postane og ordningane**

Departementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare i all hovudsak på tre arbeidsmål, jf. tabell 2. Nokre få av tiltaka medverkar til alle arbeidsmåla og blir difor omtalte under tverrgående tema.

*Tabell 2. Samanhengen mellom program og satsingar under Innovasjon Noreg og arbeidsmål 1. Samla økonomisk ramme på kap. 552, post 72 er 167,8 mill. kr i 2011.*

<b>Arbeidsmål</b>	<b>Program og satsingar</b>	<b>Tildeling i 2011. I mill. kr.</b>
<b>1.1 Styrke nærings- miljø</b>	Arena-programmet	20,3
	NCE-programmet	40,9
	Bedriftsnettverk	10,9
<b>1.2 Vidareutvikle etablerte føretak</b>	Kompetanseprogrammet	3,1
	Designprogrammet	9,8
	Reiselivs- og destinasjonsutvikling i nord	10,0
	Nyvekst (pott til samfinansiering)	1,6
<b>1.3 Entreprenørskap</b>	Ung gründer, inkludert Mentorordninga for unge	20,2
	Auka entreprenørskap og nyskaping blant unge i nord	4,0
	Høgvekst/anna satsing på entreprenørskap	6,4
	Førsteline for utvikling av næringsliv i kommunane, FUNK	4,0
<b>Tverrgåande tema, tenesteut- vikling, analysar, profilering</b>	Kultur og opplevingar	4,7
	Regional omstilling	13,2
	Kvinner i næringslivet, inkludert ekstrasat- singa til kvinner og entreprenørskap	12,3
	Analysar, evalueringar, profilering	6,4

Innovasjon Noreg har, som i tidlegare år, høve til å gjere mindre omdisponeringar på fordelinga, men skal varsle departementet om større avvik frå dei vedtekne planane eller oppdragsbreva straks verksemda får kjennskap til slike.

Innovasjon Noreg må dekkje eventuelle behov for bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma på kap. 552, post 72.

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Departementet syner elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knyter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gitte rammene for programma.

### Arbeidsmål 1.1

*Bedriftsnettverk:* Auken i løyvinga skal gå til å styrke tenesta Bedriftsnettverk. Saman med NCE- og Arena-programma får Bedriftsnettverk ei viktig rolle i utviklinga av nye sterke nettverk og næringsmiljø i Noreg.

### Arbeidsmål 1.2

*Designprogrammet:* Auken i løyvinga til Designprogrammet går til å dekkje den opptrappinga av innsatsen som har funne stad i det distriktpolitiske virkeområdet. Opptrappinga vart i 2010 finansiert av overførde midlar frå tidlegare år. Designprogrammet blei evaluert i 2010 med gode resultat.

*Reiselivs- og destinasjonsutvikling i nord:* Under dette målet er det løyvd ekstra midlar til å utvikle innovasjonsevna i reiselivet i Nord-Noreg. Midlane skal nyttast på område og tiltak der det er formålstenleg med fylkesovergripande eller regional koordinering. Innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og med dei desentraliserte verkemidla over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg. Innovasjon Noreg får 10 mill. kr som skal nyttast til reiseliv og destinasjonsutvikling i landsdelen i nært samarbeid med Nordnorsk Reiseliv AS. Fordelinga av midlane skal avgjerast i styret for prosjektet *Reiseliv i nord*, der Nordnorsk Reiseliv AS deltek saman med verkemiddelaktørane. I samband med bruken av midlane skal ein også vurdere spørsmålet om å utvikle destinasjonar der ein samkøyrer verkemidla til dei ulike aktørane.

*Nyekst:* NIFU STEP gjennomførte i 2010 ei evaluering av denne tenesta. Evalueringa syntetiserte at det er færre verksemder i målgruppa for tenesta i distrikta enn venta. Det kom også fram at det er store utfordringar når det gjeld å utvikle verkemiddel spesielt for vekstbedrifter i distrikta. Innovasjon Noreg har midlar som står att frå dei to siste åra, og den nasjonale løyvinga er difor redusert i 2011.

### Arbeidsmål 1.3

*Ung gründer.* Departementet legg vekt på at tilhøva blir lagde til rette for unge etablerarar. Unge er viktige for busettinga i distrikta og for å bidra til auka verdiskaping i alle delar av landet. For 2011 styrker departementet innsatsen overfor unge ytterlegare. Mentorordninga for unge skal utvidast i 2011. Departementet vil i 2011 også drøfte med Innovasjon Noreg korleis programmet kan førast vidare frå 2012. Innovasjon Noreg får også 4 mill. kr til styrking av entreprenørskap og nyskaping i Nord-Noreg. Ekstrasatsinga skal prioritere arktisk teknologi og reiseliv.

*Førsteline for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK).* Departementet ønskjer å vidareføre arbeidet med FUNK i 2011, og har sett av 4 mill. kr. til arbeidet i 2011. FUNK vil ikkje lenger vere organisert som eit prosjekt. Innovasjon Noreg har ansvaret for å vidareføre og vidareutvikle førstelinearbeidet.

Målet for 2011 er at arbeidet skal vere i gang i alle fylke. Innovasjon Noreg skal mellom anna sette i verk desse tiltaka ved alle distriktskontora:

1. Kursdagar for næringskonsulentar og etablerarrettleiarar.
2. Kontordagar i kommunane.

Innrettinga må tilpassast etter kor langt arbeidet er kome, korleis arbeidet er organisert og utfordringane i kvart fylke.

#### Tverrgåande tema, tenesteutvikling, analysar, profilering

*Kultur og opplevelingar.* Departementet vidarefører løyvinga til den satsinga Innovasjon Noreg gjer på kultur og opplevelingar, med 4,7 mill. kr i 2011. Midlane skal nyttast til bruk av dei verkemidla som best tener til å auke verdiskapinga i kultur- og kulturbaserete verksemder i det distriktpolitiske virkeområdet. Departementet er oppteke av at satsinga er godt koordinert med SIVA og Forskningsrådet og fylkeskommunane.

*Omstilling.* Departementet ønskjer at Innovasjon Noreg framleis skal vere eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg får i 2011 ei ramme på 13,2 mill. kr knytt til regional omstilling. I samband med søknader om ekstraordinær statleg innsats i omstillingsområde vil departementet be om ei fagleg vurdering av søknadene før det blir gjort endelege vedtak. Innovasjon Noreg har såleis ei særskild rolle, både i høve til ei fagleg vurdering av søknader om ekstraordinær statleg innsats og når det gjeld lokalt omstillingsarbeid generelt. Departementet legg vekt på at Innovasjon Noreg samarbeider med fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar om korleis omstillingsutfordringane skal møtast på ulike stader.

*Kvinneretta prosjekt.* Departementet justerer ned løyvinga til kvinneretta prosjekt. Ramma på 12,3 mill. kr i 2011 skal òg dekkje gjennomføringskostnadene ved satsinga. Satsinga skal medverke til å auke prosentdelen av kvinner i alle program med få kvinner. Midlane skal bidra til at 40 prosent av dei næringsretta midlane skal gå til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane blir avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta støtte. Noko av midlane kan òg brukast til å styrke samarbeidet mellom verkemiddelaktørane og synleggjere gode førebilete innanfor entreprenørskap. Løyvinga til Kvinner i næringslivet skal nyttast til felles prosjekt gjennom tiltak som støttar opp under den nye kvinnestrategien som Innovasjon Noreg utarbeidde i 2009. Dette vil bidra til å målrette innsatsen og integrere kvinneperspektivet betre i heile selskapet og til å nå breitt ut til kvinner i heile landet. Hovudmålet er framleis å redusere barrierar for kapitaltilgang for kvinner og å medverke til at fleire kvinner blir entreprenørar.

## **4 Andre føresetnader**

*Vilkår og retningsliner.* Innovasjon Noreg skal sjå til at midlane blir disponerte i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i departementet sin budsjettproposisjon for 2011, budsjettinnstillinga og vedtaket i Stortinget. Midlane skal disponeras i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, programomtalene, retningslinene

for kap. 552, post 72 og regelverket for offentleg støtte innanfor EØS-avtalen (jf. vedlegg 2).

Innovasjon Noreg skal etablere system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Det er også viktig at ein tek etiske omsyn i sakshandsaminga. Midlane skal forvaltast etter prinsippa for mål- og resultatstyring.

Innovasjon Noreg skal varsle departementet om avvik fra dei vedtekne planane eller oppdragsbreva straks verksemda får kjennskap til slike avvik.

*Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane.* Innovasjon Noreg skal vidareføre det gode samarbeidet med dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om dei felles programsatsingane som NCE-programmet og kvinnesatsinga. Departementet ber også Innovasjon Noreg vidareføre samarbeidet med andre aktørar, til dømes Distriktsenteret og Ungt entreprenørskap.

*Kommunikasjon og informasjon.* Innovasjon Noreg skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følgje av innsatsen på politikkområdet til departementet, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. Innovasjon Noreg skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar som er gjennomførte eller rapportar som er bestilte for midlar fra departementet. I tråd med dei avtalte rutinane skal Innovasjon Noreg varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor merksemd i det offentlege. Departementet forventar at Innovasjon Noreg kjem med forslag til moglege profileringar, og at Innovasjon Noreg tek kontakt med departementet for å få avklart om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskilde saker.

## 5 Administrative forhold

Administrasjons- og gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg blei tidlegare finansiert etter ulike modellar. Det blei våren 2010 laga ein harmonisert modell for finansiering av slike kostnader ved alle oppdrag frå og med 2011, med unntak av aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande, som låne- og fondsverksemd. Basiskostnadene til selskapet skal framleis dekkjast over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet kap. 2421, post 70. Ved innføringa av modellen skal administrasjons- og gjennomføringskostnadene vere rekna med i programløyvinga og dermed bli dekte av oppdragsgiveren. Eigarane, oppdragsgivarane og selskapet skal gå igjennom omlegginga og eventuelt justere omfanget og fordelinga av dei overførte midlane etter to år. Etter fire år skal heile kostnadsmodellen vurderast. Departementet vil ha dialog med fylkeskommunane og Innovasjon Noreg om den vidare handsaminga av administrasjons- og gjennomføringskostnader for fylkeskommunalt finansierte tenester (les meir om basiskostnadsmodellen på [www.regjeringen.no/krd/oppdragsbrev](http://www.regjeringen.no/krd/oppdragsbrev)). Arbeidet på dette området er også omtala i tilskotsbrevet for 2011 til fylkeskommunane.

## **6 Rapportering og resultatoppfølging**

*Overføring av midlar.* Departementet vil overføre rammene til Innovasjon Noreg i like store delar tre gonger i året: i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2010 med mindre departementet får melding om noko anna.

*Rapportering.* Departementet syner til vedlegg 3 *Rapporteringskalender* og vedlegg 4 *Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra KRD*. Vedlegg 4 er oppdatert i høve til rapporteringssystemet for programkategori 13.50 frå januar 2011. Rapporteringa blir mellom anna nytta i aktivitetsrapporteringa til departementet i Prop. 1 S.


Departementet ber om at Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten. Departementet ber òg om å få rapport om utviklinga i prosentdelen av kvinner innanfor alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er utdelt.

Kap. 552, post 72 er ein tilskotspost, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på posten som blir brukt til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Departementa har difor etablert ein ny variabel, administrasjons- og gjennomføringskostnader, der desse midlane skal registrerast.

*Rekneskap og kontroll med løvvingane.* Innovasjon Noreg skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktør og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevsjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

*Evalueringar.* Innovasjon Noreg skal gjennomføre evalueringar av program, satsingar og tenester, jf. *Reglement for økonomistyring i staten* (§ 16). Departementet ber om å bli involvert tidleg i prosessane, for å delta i utforminga av oppdraga og i referansegrupper. Departementet skal informerast om hovudresultata frå evalueringane og korleis Innovasjon Noreg vurderer dei og planlegg å følgje dei opp.

Med helsing



Liv Signe Navarsete

## Vedlegg

1. Oversikt over rammefordelinga av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
2. Retningsliner for bruk av kap. 552, post 72
3. Rapporteringskalender for 2011 m/vedlegg
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virke-midlene fra KRD
5. Fylkesfordeling av midlar over kap. 551, post 60
6. Retningsliner for bruk av kap. 551, post 60 og 61

## Kopi til:

Distriktsenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling

Fylkeskommunane og Oslo kommune

SIVA

Noregs forskingsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Plan- og administrasjonsavdelinga, KRD

Riksrevisjonen